

Høyringsvar frå Noregs Mållag til «Forslag til endringer i tilskuddsordningen Produksjon av spillefilm etter markedsvurdering og endring i forskrift om tilskudd til audiovisuell produksjon»

Noregs Mållag vil med dette senda våre høyringsinnspel til «Forslag til endringer i tilskuddsordningen Produksjon av spillefilm etter markedsvurdering og endring i forskrift om tilskudd til audiovisuell produksjon»

Noregs Mållag er glade for å sjå at NFI har som mål at norsk filmproduksjon skal styrkja norsk og samisk språk, identitet og kultur. Vi er også glade for å sjå at NFI ønskjer å jobba målretta for meir mangfald i norsk film, både gjennom kvotering og økonomiske insentiv. Som NFI sjølv viser til i rapporten, er dette tiltak som har effekt. Det er viktig og riktig at det vert meir representasjon frå innvandrargrupper, urfolk og ulike minoritetar i Noreg.

I Lov om Språk frå 2021 er bokmål og nynorsk jamstilte norske skriftspråk. I tillegg har det offentlege eit særskilt ansvar for å styrkja nynorsk som det minst brukte av dei to norske skriftspråka. Dimed bør stønads- og tilskotsordningar frå det offentlege brukast til å oppfylle intensjonane i språklova.

Dialektar som ein del av mangfaldet

Under kapittelet om mangfald, merker vi oss at geografi er nemnt som ein av mangfaldsdefinisjonane. Det er bra. Noregs Mållag saknar likevel at *dialekt* er ein av mangfaldsdefinisjonane til NFI. Dette vil styrkja intensjonane om å styrkja norsk språk, og understreka at dialektmangfald er viktig. Det er ikkje nødvendigvis eit samsvar mellom geografisk bakgrunn eller geografisk lokasjon og dialekt. Folk med ulike dialektar kan bu i heile landet. Her vil vi også understreka at det på Austlandet – også i Oslo – også er eit mangfald av dialektar.

Det er viktig å vera medvitne om at personar med dialektar utanfrå Oslo-området ikkje berre er bi-karakterar, men også er assosierte med hovudroller og viktige roller. Det er også eit viktig poeng at dialektar ikkje blir brukte til å reprodusera stereotypiar, men utfordrar dei.

Nynorsk underteksting

Sjølv om nynorsk og bokmål er jamstilte skriftspråk, har så å seia alle filmar som blir distribuerte i Noreg, undertekst på bokmål. For folk i nynorskkrinsar i Vestland, Møre og Romsdal, Rogaland, Innlandet og Telemark, er det unaturleg at filmar blir teksta på bokmål. Noregs Mållag veit at det er mange rundt om i landet som ønskjer å sjå filmar med nynorsk undertekst,

men at dette rett og slett ikkje er mogleg. Det er på høg tid at nynorsk og bokmål blir jamstilte også i filmverda.

Å sikra at fleire filmar får nynorsk undertekst, er både i tråd med intensjonane til NFI om å styrkja norsk språk og intensjonane i språklova om å styrkja nynorsk som det minst brukte norske skriftspråket. Her vil vi gjerne visa til Platekompaniet og Christer Falck, som no gjev ut «Norske Filmklassikarar» på fysisk format med undertekst både på bokmål og nynorsk, til stor glede for mange.

Ein konkret måte ein kan stimulera til dette på, er optimalt sett å setja eit krav om nynorsk undertekst for å få tilskot frå NFI. Noregs Mållag meiner ein bør ha parallellteksting med bokmål og nynorsk i kinofilm, og at både bokmål og nynorsk er moglege val av undertekst i spelefilm som blir distribuerte fysisk og til strøymetenester.

Som eit minimum burde nynorsk undertekst vera eitt av dei krava som kvalifiserer til ettertilskotsordninga NFI sjølv føreslår.

Film som læringsverktøy

Til slutt vil vi også trekkja fram at meir nynorsk og dialekt i film, også er viktig i eit større samfunnsperspektiv. Film kan ha gode pedagogiske funksjonar, og er kulturelle medium som effektivt kan syna fram ulike kulturelle kodar og normer. For skuleborn som skal møta nynorsk som hovudmål eller sidemål i skulen, er det ein stor styrke om ein kan møta nynorsk i eit medium med ein så brei appell som det film har. For innvandrarar og andre som lærer seg norsk, kan det å møta meir dialekt og nynorsk gjennom popkulturelle medium bidra positivt til integreringa.

Vi trur at dei framlegga vi har, vil bidra til ytterlegare å styrkja mangfaldet i norsk film, og konkret hjelpa med intensjonane hjå både NFI og språklova om å styrkja norsk og samisk språk. Meir nynorsk og dialekt i norsk film kan visa seg å vera salspoeng i seg sjølv. Ein kan berre sjå til den overveldande responsen Vipps fekk då dei lanserte ein nynorsk versjon av appen i mai i år.